

**KONTROLLUTVALET I  
SANDØY KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 11. mai 2012, kl. 14.00  
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Helge Ervik

Elles til stades:  
Anne Iversen og Ann Helen Harnes

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:  
Dagleg leiar, Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:  
Dagleg leiar, Kjetil Bjørnsen

Frå Sandøy kommune møte:  
Ordførar Hans Endre Sæterøy og økonomisjef Tore Harnes i sak 05/12 og 06/12

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt om folkevaldopplæring.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

**SAK 04/12  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 12. MARS 2012**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 12. mars 2012 blir godkjent.

**SAK 08/12  
OM ARBEIDSOPPGÅVENE TIL EIT KONTROLLUTVAL**

Saksdokument datert 08.05.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. I neste møte blir tema plan for forvaltningsrevisjon, oppfølging av vedtak, mål, måloppnåing og styringsdokument inn mot dette teke opp til drøfting.

**SAK 05/12  
ÅRSMELDING 2011 – SANDØY KOMMUNE**

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 08.05.2012

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2011 for Sandøy kommune til orientering.

**SAK 06/12  
KOMMUNEREKNESKAPEN 2011 – SANDØY KOMMUNE**

Innstilling datert 08.05.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Sandøy kommune sin rekneskap for 2011 blir godkjent.

**SAK 07/12  
STATUS PÅGÅANDE SAKER**

Orientering gitt av kontrollutvalsekretariatet om framdrifta i sak 02/12 og sak 03/12

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**09/12  
FORESPØRSEL OM HABILITET**

Saksdokument datert 08.05.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

Ordfører orienterte om kva vurderingar han hadde motteke frå juridisk kompetanse om sin habilitet i kommunestyresak 12/11. Desse vurderingane var i samsvar med kontrollutvalsekretariatet sine innhenta juridiske vurderingar.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til dei framlagte juridiske vurderingane vedkomande saka.

**SAK 10/12**

**FOLKEVALDOPPLÆRING** (Saka kom opp under eventuelt)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

På bakgrunn av lovendringar siste tida oppmodar kontrollutvalet om å få vurdert behovet for folkevaldopplæring i forvaltningslova og Offentleglova.

Helge Ervik  
leiar  
(sign.)

Anne Iversen  
nestleiar  
(sign.)

Ann Helen Harnes  
medlem  
(sign.)